

Diverre hadde me en omfattande feilsituasjon i går mellom kl 10:40 og 13:48. Seljord, Kviteseid, Tokke og store delar av Vinje var utan straum i kortare eller lengre tid. Primærårsaken var ei stor grån som ramla over 2 av ledningane rett før Eika trafostasjon i Bø kommune.

Konsekvensane blei store fordi Sentralnettpunkt Lio (Statnett/Statkraft) har lege utkopla sidan tideleg i august pga havari/brann i 2 kabelmuffer.

VTK sitt regionalnett har etter dette ikkje hatt reserve utover roterande reserve (kraftverk i øydrift). Slik reserve er ustabil.

Hendinga i grove trekk:

10:40 Seljord mistar straumen (Kortslutning på 66 kV)

11:00 Seljord får straumen att frå Hjartdal TS (ny kabel gjennom tunnelen)
(Kviteseid, Tokke og Vinje blir liggande i øydrift)

11:46 Kviteseid, Tokke og Vinje (- Haukeli) mistar straumen pga at matande kraftverk i øydrift fall ut (Åmdal og Lio).

12:10 Kviteseid og Skafså får straumen att (frå Hjartdal)

12:11 Strekningen Grungedal-Åmot trafostasjon får straumen att (frå Kjela)

12:40 Åmot får straumen tilbake (frå Frøystul/Rauland)

13:06 Treet fjerna og linja klar for spenningssetting frå Eika trafostasjon *)

13:22 Høydalsmo, Lårdal og Eidsborg inn frå Kviteseid (Hjartdal).

13:48 Feilen er retta og alle har straum (Dalen og Mo låg ute lengst) *)

Helikopter blei rekvirert tideleg og det tok av frå VTK-Hmo ca kl 11:45 med mannskap for trefjerning.

Dei mellombelse omkoplingane hadde diverre ikkje kapasitet til å forsyne Dalen.

*) Gjeninnkopling frå Eika blei forsinka då Skagerak ikkje hadde mannskap på staden.

Me beklagar dei ulemper dette gav for næringsliv, kommunar og bustader.

Ketil Kvaale
(Adm. dir.)